



Arealrekneskap for utmark

Vegetasjons- og arealtypar i Oppland

Yngve Rekdal og Johnny Hofsten

Oppland er landets 5. største fylke med eit areal på 25 192 km². Utmark utgjer 95 % av landarealet. I prosjektet "Arealrekneskap for utmark" er det henta inn data som gjev oversikt over vegetasjons- og arealtypar i utmarka i fylket.

Metode: Dette er eit materiale samla inn i samband med etablering av eit nasjonalt arealrekneskap for utmark. Dette har basis i eit nett av 1080 utvalsflater, på kvar om lag 1 km², lagt systematisk ut over landet. I Oppland omfattar materialet 77 flater. På kvar flate er det utført vegetasjonskartlegging. Desse flatene utgjer ei lita, men likevel statistisk forventningsrett utvalsundersøking av arealdekket. For vegetasjonstypar med mindre enn 5 % arealdekning vil tala vera usikre.

Naturtilhøve: Landskapet i Oppland hevar seg meir eller mindre jamt fra 125 moh. i sør til fjella i Skjåk, Lesja og Dovre med toppar over 2000 moh. Oppland har stor variasjon i høgdelag og topografi. Dette har mykje å seie for fordelinga av vegetasjonstypar.


Harde og næringsfattige bergartar som vitrar seint

og gjev lite næring for plantevokster dekkjer over halve fylket. Ein fjerdedel av fylket er dekt av bergartar som vitrar lett og gir næringsrikt jordsmonn. Slik berggrunn opptrer grovt sett frå Mjøsa mot Randsfjorden, gjennom dal- og fjellareal i Valdres og Gudbrandsdalen til Dovre, med utløparar til Bøverdalen og Sjodalen.

Variasjon i tjukna på lausmassane, næringsinnhald og vasskapasitet er av stor betydning for fordeling av vegetasjonstypar. Oppland har store areal med tjukk morene sett i høve til mange andre fylke. Markerte terrenghøgder har tunnast dekke, og dalsider og senkingar tjukkast. I høgare strok er det mykje ur, blokkmarker og bart fjell.

Oppland har typisk innlandsklima med kalde vintrar og varme somrar. Nedbøren ligg mellom 300-1000 mm i årsnedbør. I dalføra nord i Gudbrandsdalen finst dei nedbørfattigaste områda i landet, og vegetasjonen er prega av liten vasstilgang.

Arealdekket i Oppland: Av 54 typar i kartleggings-systemet er 39 registrert i fylket. Berre 7 typar har meir enn 5 % av arealet. 14 typar dekkjer mellom 1



Vegetasjons- og arealtypar i Oppland som dekkjer meir enn 1 % av landarealet

og 5 % av arealet. Rishei har størst areal med 13 %. Dei høge fjella gjev mykje ur og blokkmark som dekkjer 9 %.

Skoggrensa representerer eit markert skilje i vekselvilkår og landskapsbilete og utvalet av typar vil vera svært ulikt over og under denne grensa. Ca. 53 % av Oppland ligg under skoggrensa og 47 % over. Den klimatiske høgdegrensa for skog er noko varierande. Grovt sett ligg den rundt 1100 moh. Store areal under den klimatiske skoggrensa er skoglause på grunn av setring og anna tidlegare arealbruk i utmark. Samla er 11 % av fylkesarealet potensielt attgroingsareal dersom husdyrbeite kjem på eit for lågt nivå.

Under skoggrensa: Av arealet under skoggrensa er 70 % dekt av skog. 35 % av arealet er dominert av granskog, 24 % lauvskog og 11 % furuskog. 7 vegetasjonstypar dekkjer meir enn 5 % av arealet under skoggrensa. Blåbærgranskog er størst av desse med 16 %. Vidare følgjer blåbærbjørkeskog med 14 %, enggranskog 10 %, lav- og lyngrik furuskog

8 %, lav- og lyngrik granskog 8 %, grasmyr 6 % og engbjørkeskog 5 %. 7 typar dekkjer mellom 1 og 5 % av arealet.

Fordelt etter næringsgrad dekkjer fattige lav- og lyngrike skogar 18 % av arealet under skoggrensa, blåbærskogar 32 % og rike engskogar 15 %. Myr dekkjer samla 10 % av arealet her.

Over skoggrensa: Arealet over skoggrensa er sterkt dominert av ein vegetasjonstype. Rishei utgjer her 24 % av arealet. Ur og blokkmark er nest største type med 18 %. Lavhei følgjer etter med 12 %. 3 typar har mellom 5 og 10 % dekning. Det er bart fjell 6 %, tørrgrashei 5 % og grasmyr 5 %. 7 typar dekkjer mellom 1 og 5 % av arealet. Vegetasjonslause areal utgjer samla 30 % av arealet over skoggrensa.

Kjelde: Hofsten, J., Rekdal, Y. og Strand, G-H. 2013. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Oppland. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 01/13.



Rishei 13 %



Ur og blokkmark 9 %



Blåbærgranskog 8 %



Grasmyr 6 %



Lavhei 6 %



Lav- og lyngr. furuskog 4 %



Engbjørkeskog 3 %



Tørrgrashei 3 %



Grassnøleie 2 %